
Saksnr: 2021/51948-9
Saksbehandlar: Siv Merethe Hatlem
Dato: 21.10.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Fylkessamarbeidet Formidlingskompetanse i folkebibliotek

Ti fylkeskommunar har gått saman for eit nasjonalt løft av formidlingskompetansen i folkebiblioteka gjennom eit felles prosjekt «[Formidlingskompetanse i folkebibliotek](#)» (FiF).

Prosjektets hovudmål er å styrke formidlingskompetansen hos tilsette i folkebibliotek.

Prosjektet starta i januar i 2021 og er støtta av Nasjonalbiblioteket med 6 millionar i eit toårig løp, og skissert utvida med ytterlegare to år, fram til og med 2024. Fylkeskommunane bidreg samla med tilsvarande sum i eigeninnsats.

Fylka Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet eig prosjektet saman. Prosjektet er organisert med ei overordna styringsgruppe som består av alle fylkesbiblioteksjefane, og ei prosjektgruppe med ein rådgjevarar frå kvart deltakande fylkesbibliotek. Trøndelag fylkeskommune er prosjektleiar.

Fylkeskommunane er gjennom fylkesbiblioteka navet i kompetanseutviklinga for folkebiblioteka, og i FiF-prosjektet bringer fylka inn brei erfaring frå mange års verksemd med ansvar for kurs og kompetansetiltak for biblioteksektoren.

Gjennom eit landsdekkande kompetanseløft vil prosjektet auke kvaliteten på tenestene til biblioteka, og møte forventningar om aktiv formidling for å nå ut til flest mogleg og gjere tilgjengeleg kunnskap, kultur, litteratur og lesing i tråd med den Nasjonale bibliotekstrategien 2020-2023 [Rom for demokrati og danning](#).

Samordning og vidare utvikling av kompetansehevande tiltak frå både fylka, utdanningstilbydarar og andre samarbeidspartar, skal styrke folkebiblioteka si formidling av det store mangfaldet i fag- og folkebiblioteka sine samlingar, og utvikle biblioteka som kunnskapsaktørar. Bibliotekarar med oppdatert og brei kompetanse er avgjerande for at biblioteka skal kunne utføre sine samfunnsoppgåver, utvikle nye tenester og gi eit framtidssretta bibliotektilbod.

Arbeidet i prosjektet er planlagt med fleire parallelle læringsløp, der kartlegging og felles plattform gir grunnlag for uformell læring med ulike kurs, læringsopplegg og praksisfellesskap, og formell læring med utvikling av nytt nettstudium innan aktiv formidling, samt vidareføring av studiet pedagogikk for bibliotekarar. Det er valt ut sju satsingsområde for det uformelle læringsløpet som svarer på kompetansebehov i folkebiblioteka.

Det er eit betydeleg kompetanseløft fylkeskommunane tek initiativ til i FiF-prosjektet. Fylkessamarbeidet nyttar ut kompetansen og ressursar på tvers av fylka som vil kunne gje eit meir mangfaldig og utvida kurstilbod enn kva kvart fylke klarer kvar for seg. Det er eit mål at folkebiblioteka i heile landet deltek i utvikling, gjennomføring og vidareutvikling med brei mobilisering der alle prøver og øver med same mål.

Nærare informasjon om føremåla og satsingsområda finn ein i statusrapporten til Nasjonalbiblioteket som ligg ved saka.

Vedlegg

1 FiF - Underveisrapport til NB 11.10.21